

Kommunearkivordninga i Vestland KO

Årsrapport for 2023

1. Styret si oppsummering.....	2
2. Økonomi.....	3
3. Organisasjon	5
4. Rådgjeving	5
5. Depot	6
6. Digitalisering og ordning.....	12
7. Arrangement	13
8. Formidling.....	15
9. Satsingar og kompetanseheving	19

1. Styret si oppsummering

Kommunearkivordninga i Vestland KO (KAV) er eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunelova § 19-1. Føremålet til samarbeidet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til deltakarane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Rekneskapan viser at vi har eit prosjektfond som sikrar vidare drift av digitaliserings- og ordningsoppdraga vi har avtalar på, og eit driftsfond som har vakse dei siste åra grunna periodar med vakansar. Målet for KAV er ikkje å gå med overskot, men å gå i null, og styret har difor laga ein plan for bruk av driftsfondet på ein måte som kjem heile oppgåvefelleskapet til gode i perioden 2024-26.

Administrasjonen ved dagleg leiar har delegert ansvar for dagleg drift, og KAV vert drive i tråd med føremålet, vedtekter, årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet. KAV har som mål å ha eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette. HMS, kvalitet, beredskap, IKT-tryggleik og personvern med meir vert ivareteke gjennom avtale med Vestland fylkeskommune som er arbeidsgjevar for dei tilsette og vertskap for KAV.

Vi har dei siste åra endra litt på oppsettet i rekneskap og budsjett, og får no synleggjort både vanleg drift og prosjektarbeid som er finansiert av prosjektmidlar. Vi har også lagt inn verdien av tenester vi yter som vert kompensert av ikkje-økonomiske tenester frå fylkeskommunen. Denne har i mange år vore sett til kr. 1 680 000. Avtale og sum skal reforhandlast.

Dei samla inntektene for 2023 var på kr. 10 151 069, og av dette var eigartilskot kr. 2 974 505 og depotleige kr. 2 787 368. Dei samla utgiftene var på kr. 10 139 229. Resultatet på kr. 11 840 er foreslått ført på driftsfond.

Styret vil takke tilsette for godt utført arbeid i 2023.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan. Den framlagde rekneskapan gir ei korrekt framstilling av KAV sin økonomiske situasjon.

Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune), leiar

Lise Mari Haugen (Sunnfjord kommune), nestleiar

Linda A. Myhre Larsen (Kinn kommune)

Liv Janne Steig (Luster kommune)

Gunn Åmdal Mongstad (Vestland fylkeskommune)

Reidun Sørestrand Hågvar, første vara (Sogndal kommune)

2. Økonomi

2.1. Budsjett og rekneskap 2023

	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022	Notar
INNTEKTER				
Eigartilskot	2 974 505	2 991 000	2 843 470	1
Depot	2 787 368	2 733 000	2 635 260	1
Ikkje-økonomiske bidrag frå Vestland fylkeskommune	1 680 000	1 680 000	1 680 000	2
Refusjon sjukeløn	36 475		425 382	
Kompensert mva.	71 203		73 723	
Inntekter prosjekt	2 259 144		115 642	3
Inntektsføring fond	342 374	2 995 000	2 926 537	4
Andre inntekter			126 040	
TOTALSUM INNTEKTER	10 151 069	10 399 000	10 826 054	
UTGIFTER				
Tenester til Vestland fylkeskommune, kompensert av ikkje-økonomiske bidrag	1 680 000	1 680 000	1 680 000	2
Løn og pensjon faste tilsette	7 138 585	7 860 000	6 795 183	5
Løn og pensjon engasjement	419 097			6
Driftsutgifter	891 941	859 000	1 072 710	
Utgifter prosjekt	9 606		123 364	7
Avsetjing til prosjektfond	0		844 511	
TOTALSUM UTGIFTER	10 139 229	10 399 000	10 515 768	
RESULTAT	11 840	0	310 286	8

Notar

1) Eigartilskot og depotleige vart regulert med 3,7 % som var estimert kommunal deflator for 2023. Løns- og prisveksten viste seg å vere høgare enn dette også i 2023. Vi har difor varsla ei auke på 6% for 2024.

2) Dette er verdien av dei ikkje-økonomiske bidraga KAV får frå VLFK som estimert i gjeldande tenesteavtale.

3) Dette er innbetaling frå kommunar for nye, avslutta eller pågåande digitaliserings- eller ordningsoppdrag. Denne summen er ikkje i budsjettet, då det er vanskeleg å planlegge kva oppdrag som kjem inn eller vert avslutta innanfor kvart kalenderår. Men desse inntektene vert sett på som del av prosjektfondet, og vert difor balansert saman med inntektsføring prosjektfond, mot den posten i budsjettet. Desse kommunane har betalt inn i samband med oppdrag i 2023: Gloppen, Stad, Hyllestad og Sunnfjord

4) Vi inntektsfører midlar frå prosjektfond for å dekke utgifter til prosjekt som ikkje vert dekkja av innbetalingane i 2023. Dette gjeld ordnings- og digitaliseringsoppdrag, og ei mellombels prosjektstilling som det var sett av driftsmidlar til over budsjettet i 2022. Desse midlane vart overført til prosjektfond og er også nytta i 2023. Denne stillinga er dels finansiert av Kommunearkivordninga sitt driftsfond og dels av eksterne prosjektmidlar frå Arkivverket. Det er, grunna ein pause på nokre månader for å dekke andre arbeidsoppgåver på seksjonen, restmidlar som vi overfører til 2024. Stillinga vert vidareført fram til påske 2024.

5) Dette dekker alle fast tilsette, inkludert dei som er finansiert av ordnings- og digitaliseringsoppdrag.

6) Dette er løn til mellombels stilling som det vart sett av fondsmidlar til å dekke i budsjettet for 2022. Sjå også note 4.

7) Kostnader knytt til digitalisering som ikkje er lønskostnader. Dette er rekvisita.

8) Driftsoverskot for 2023 er forslått sett av på KAV sitt driftsfond. Vi har ikkje eit ønske om å bygge opp eit stort driftsfond, og i økonomiplanen for 2024-26 har KAV difor budsjettert med å bruke 2,25 millionar av driftsfondet i 2024-26.

2.2. Fondsutvikling

Bruk av fondsmidlar i 2023

Driftsfondet pr. 31.12. 2022	2 987 506
Overskot 2022 som var ført på driftsfond 1.1.2023	310 286
Bruk av driftsfond 2023	0
Driftsfondet pr. 31.12.2023 (før resultat 2023)	3 297 792
Overskot foreslått avsett til driftsfond	11 840
Driftsfondet pr. 1.1.2024 (etter resultat 2023)	3 309 632

Prosjektfondet pr. 31.12. 2022	2 068 701
Inntekstføring frå prosjektfond i 2023	342 374
Avsetjing til prosjektfond i 2023	0
Status prosjektfond 31.12.2023	1 726 327

Planar for bruk av fondsmidlar i 2024

Budsjett for bruk av driftsfondet 2024	1 165 000
Budsjett for bruk av driftsfondet 2025	721 000
Budsjett for bruk av driftsfondet 2026	371 315
SUM planlagt bruk av driftsfond	2 257 315

3. Organisasjon

Kommunearkivordninga i Vestland KO består av 18 kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune.ⁱ Samarbeidet er heimla i kommunelova, og er eit sjølvstendig rettssubjekt.ⁱⁱ Vestland fylkeskommune er vertskap, og alle som jobbar for oppgåvefellesskapet er tilsett i fylkeskommunen. Vi har sidan starten vore organisert saman med tidlegare Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, og utgjer no saman med dei som jobbar med private arkivsamlingar frå heile Vestland, seksjon arkiv i Vestland fylkeskommune.

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

Satsing 2.1 Kome med høyringsinnspel til arkivutgreiinga

Kva vart gjort: Hausten 2021 starta fylkeskommunen ein prosess for å kartlegge og greie ut situasjonen for dei regionale arkiva i Vestland fylke og kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane. I utgreiingsarbeidet skulle dei kommunale arkivinstitusjonane vektleggjast, men utgreiinga måtte også inkludere privatarkiv for å vareta eit heilskapleg perspektiv på bevaring av ein samla samfunnsdokumentasjon frå Vestland.

Menon Economics gjennomførte kartleggings- og utgreiingsarbeidet i perioden mars–september 2022. Rapporten vart handsama i fylkestinget hausten 2022, og sendt ut på høyring.ⁱⁱⁱ Opphavleg høyringsfrist var 11. januar, men etter tilbakemeldingar frå både oss og IKA Hordaland, sette fylkesutvalet ny frist for høyringsinnspel til 11. mars 2023.

Styret i KAV sendte inn høyringssvar innan fristen.^{iv}

Satsing 2.2: Bistå kommunane i arbeidet med høyringssvar til arkivutgreiinga

Kva vart gjort: Både administrasjonen og styret hadde dialog med kommunane i oppgåvefellesskapet og regionråda om høyringssvar. Sogn Regionråd, Fjordane IPR (FIPR) og fleire av kommunane sendte sjølvstendige høyringssvar.

Satsing 2.3: Følgje opp organisatoriske punkt i arkivutgreiinga, som til dømes KAV sin økonomi og rolla til dagleg leiar.

Kva vart gjort: Fylkestinget handsama saka om framtidig arkivorganisering i juni 2023.^v Det var eit tredelt vedtak, og vedtakspunkt 2 handla om å sjå på avtalen mellom KAV og fylkeskommunen om disponering av tilsette og andre praktiske bidrag. KAV har diskutert dette i administrasjonen og styret i 2023, men vi ventar på dialog med VLFK. Før ny avtale er på plass er det vanskeleg å gjere andre organisatoriske og administrative endringar.

Satsing 2.4: Revidere og oppdatere tenesteavtalen med Vestland fylkeskommune

Kva vart gjort: Som nemnt i punktet over vart dialogen med VLFK ikkje starta i 2023.

3.1. Deltakarar

Det var ingen endringar på dette området i 2023, og samarbeidet hadde følgjande deltakarar:

- Askvoll kommune
- Aurland kommune
- Bremanger kommune
- Fjaler kommune
- Gloppen kommune
- Gulen kommune
- Hyllestad kommune
- Høyanger kommune
- Kinn kommune
- Luster kommune
- Lærdal kommune
- Stad kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Sunnfjord kommune
- Stryn kommune
- Vik kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune

3.2. Representantskap

Representantskapet er øvste myndigheit i samarbeidet. Alle deltakarane er representert her. I 2023 vart det halde to digitale representantskapsmøte, 29. mars og 9. november.

På representantskapsmøtet i november kom det to innspel som styret skal følgje opp:

1. Styret skal i arbeidet med 2025-budsjettet synleggjere mogelegheiter for, og konsekvensar ved, innsparingar i forhold til økonomiplanen 2025-2027.

Arbeidet med budsjettet for 2025 har ikkje starta enno, men vi jobbar kontinuerleg meg å vurdere om det er meir kostnadseffektive måtar å løyse oppgåvene våre på.

2. Saker som vert lagt fram for representantskapet skal ha ei saksutgreiing som viser grunnlaget for framlegg til vedtak i den respektive saka, og som synleggjer konsekvensar av vedtaket som representantskapet vert invitert til å fatte.

Dette har vi med oss i førebuing av vårens representantskapsmøte.

3.3. Styret

Fram til representantskapsmøtet 29. mars sat desse i styret:

Styremedlemmar

- Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune), leiar
- Lise Mari Haugen (Sunnfjord kommune), nestleiar
- Linda A. Myhre Larsen (Kinn kommune)
- Arnvid Hovland (Høyanger)
- Katrine Røkke Wilson (Vestland fylkeskommune)

Varamedlemmar

- Reidun Sørestrand Hågvar Sogndal kommune)
- Irene Sivertsen (Kinn kommune)
- Solveig Masdal Haugsvær (Sunnfjord kommune)
- Nina Helen Flatebø (Sogndal kommune)

På representantskapsmøtet 29. mars vart desse valde inn i styret for den neste toårsperioden:

Styremedlemmar

- Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune), leiar
- Lise Mari Haugen (Sunnfjord kommune), nestleiar
- Linda A. Myhre Larsen (Kinn kommune)
- Liv Janne Steig (Luster)
- Gunn Åmdal Mongstad (Vestland fylkeskommune)^{vi}

Varamedlemmar

- Reidun Sørestrand Hågvar Sogndal kommune)^{vii}
- Irene Sivertsen (Kinn kommune)
- Solveig Masdal Haugsvær (Sunnfjord kommune)

3.4. Tilsette

Alle som jobbar for KAV er fast tilsett i Vestland fylkeskommune. Gjennom gjeldande tenesteavtale disponerer KAV desse stillingsressursane.



1Dei tilsette ved KAV på Kontaktkonferansen i Balestrand 2023. Foto: Kommunearkivordninga i Vestland

Fast tilsette

Desse jobba fast for KAV i 2023:

- Arnt Ola Fidjestøl, dagleg leiar 50%
- Sigrun Espe, fagleiar
- Espen Sæterbø, seniorrådgjevar
- Kristine Rohde, seniorrådgjevar
- Dorthea Rennestraum Alisøy, rådgjevar
- Olav Andersson Haugen, rådgjevar
- Kristian Lilleeng Skjellaug, rådgjevar
- Hege Mari Kolseth, førstekonsulent digitalisering
- Anna Zubkova, konsulent digitalisering
- Anett Ytre-Eide, konsulent digitalisering
- Karl Fredrik Balchen, ordningsmedarbeidar (frå juni 2023)

Mellombels tilsette og engasjement

Hausten 2022 fekk vi ein prosjektmedarbeidar dels finansiert av prosjektmidlar frå Arkivverket, og dels av driftsoverskotet frå KAV. Ho jobba for oppgåvefellesskapet store deler av 2023 også, men var lånt ut til IOA nokre månader på våren for å gå inn i eit kortare vikariat:

- Sigrid Solheim, spesialkonsulent prosjekt

Vi har ikkje hatt ferievikarar eller praksisstudentar i 2023.

3.5. Styring og kontroll av verksemda

Her kan du lese om kontrolltiltak og risikovurderingar, HMS, etikk, varsling og personvern med meir. Alle desse punkta ber preg av at Vestland fylkeskommune er kontorkommune, og alle som jobbar for KAV er fast tilsett i fylkeskommunen. KAV har ein avtale om å disponere desse stillingane. Sjå elles Vestland fylkeskommune si årsmelding for meir informasjon og rapportering.

Sikkerheit og beredskap

Vestland fylkeskommunen gjennomførte eit stort tverrfagleg arbeid med mellom anna ROS-analyse, risikoreduserande tiltak og beredskapsplan. Ein av våre rådgjevarar starta i 2023 arbeidet med ein ROS-analyse for seksjon arkiv.

Fylkeskommunen har også styrka arbeidet med IKT-sikkerheit, og det vart mellom anna innført strengare krav til passord for alle tilsette 1. desember 2023.

HR, kvalitet og HMS

Kvalitet, HMS, beredskap og personvern med meir vert ivareteke gjennom avtale med Vestland fylkeskommune som er vertskap for KAV.

Vi nyttar eit digitalt kvalitetssystem (Styringssystemet for kvalitet og HMS), eit verktøy som sikrar at arbeidsoppgåver og prosessar blir gjennomført på ein heilskapleg måte.

KAV er ikkje eiga journalførande eining, men nyttar sak- og arkivsystema til Vestland fylkeskommune, Elements.

Vestland fylkeskommune har organisert HMS-arbeidet sitt med eit sentralt arbeidsmiljøutval (AMU) for heile fylkeskommunen og lokale AMU på alle skular og i fleire avdelingar og seksjonar. I 2023 er det vedtatt ny AMU-organisering med verknad frå 1. januar 2024. Endringa går ut på at vi avviklar AMU for dei tre fylkesbygga i Bergen, Førde og på Leikanger og heller opprettar lokale AMU i kvar av dei åtte avdelingane. Eit sentralt AKAN-utval jobbar førebyggjande mot rus- og speleavhengigheit. Lokale AMU verkar som lokale AKAN-utval. Desse jobbar med førebyggjande arbeid på systemnivå og handterer ikkje enkeltsaker.

Etikk og habilitet

Alle som jobbar for Kommunearkivordninga i Vestland følger etiske retningslinjer som gjeld tilsette i Vestland fylkeskommune. Desse skal bidra til høg etisk standard, jf. kommunelova. Dei vart vedtekne av fylkesutvalet i desember 2019. Som offentlege tilsette forvaltar vi verdiane til innbygarane i Vestland. Vi er avhengige av deira tillit til at vi utfører jobben vår i samsvar med m.a. forvaltningslova og med høg etisk standard.

Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt, opptre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen

Likestilling, likeverd og inkludering

Aktivitets- og orienteringsplikta er ei plikt for alle arbeidsgjevarar til å jobbe aktivt, målretta og planmessig med likestilling og ikkje-diskriminering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 26. Vestland fylkeskommune har som mål å vere ein arbeidsplass der det er full likestilling uavhengig av kjønn, og likestillings- og mangfaldsarbeid er ein integrert del av måten fylkeskommunen tenkjer og jobbar på.

KAV har ingen medarbeidarar i deltidstillingar, og har i 2023 hatt ein prosjektmedarbeidar i mellombels stilling.

Stoda for kjønnslikestilling i KAV er slik: Av dei med fast jobb 31.12.2023 var fem menn og seks kvinner. Styret bestod på same tidspunkt av ein mann og fire kvinner, leiar er mann og nestleiar er kvinne.

Avtalt løn var i 2023 fordelt jamt mellom kjønn innanfor dei ulike stillingsgruppene.^{viii}

Arbeidsstad	Kjønn	Årsløn 2023
Gjennomsnitt		584 736
121 - KII - Arkiv Leikanger	Kvinne	582 800
121 - KII - Arkiv Leikanger	Mann	588 125

Sjukefråvær

Statistikken for 2023 viser eit sjukefråvær på totalt 7,6 %, ein nedgang på 3,29 prosentpoeng frå 2022, men høgare enn snittet i vår sektor. På ein liten arbeidsplass med berre 11 faste tilsette vil ei sjukemelding føre til store utslag på fråværsstatistikken. KAV har tett dialog med sjukemeldte, og er ikkje kjende med at sjukefråvær i 2023 er arbeidsplassrelatert.

KAV gjennomførte medarbeidarundersøking i januar 2023. Vestland fylkeskommune nyttar verktøyet MTM, som står for «Medarbeider Tilfredshet Monitor». Dette er eit verktøy for måling, analyse og rapportering av arbeidsmiljøet. Undersøkinga er utvikla i Noreg og byggar

på norsk og internasjonal forskning om stress og motivasjon. MTM medarbeidarundersøkinga tilfredsstillar krava i arbeidsmiljølova § 3-1.

Svarprosenten var på 100%, og tilbakemeldingane var i hovudsak bra. Alle tilsette var i etterkant med på å lage ein handlingsplan med bevaringsområde og utviklingsområde for 2023 og 2024. Det vert ny medarbeidarundersøking i 2025.

4. Rådgjeving

Kommunearkivordninga gir råd og rettleiing til alle kommunane i oppgåvefelleskapet.

4.1. Arkivdanning og arkivplan

Arkivdanning er dei prosessane som fører til at arkiva vert skapt. I praksis handlar dette om organiseringa av dokumentproduksjonen og dokumentflyten som høyrer til denne. Det er naudsynt med gode rutinar som sikrar best mogleg forståing av korleis arkiva har blitt skapt i notida og i framtida, i tillegg til at ein følgjer lover og forskrifter.

Medlemskommunane har eit kontinuerleg behov for rettleiing, enten det gjeld bevaring/kassasjon av skapt dokumentasjon, spørsmål knytt til daglegarkiv eller organisering av arkiva.

Arkivplan er eit planleggings- og styringsreiskap for arkiv og forvaltning av dokumentasjon i offentlege organ. Arkivforskrifta § 4 seier at alle offentlege organ skal ha ein arkivplan som er oppdatert og dekkande for arkivholdet slik det vert utført i organet. Vårt arbeid med arkivplan er først og fremst som ein rådgjevar for kommunane.

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- **Satsing 3.1.1:** Arbeide vidare med funksjonsbasert arkivplan saman med kommunane.

Kva vart gjort: Som følge av ny versjon av arkivplan.no ikkje vart lansert før i 2024, vart dette arbeidet delvis satt på vent. Men var det kommunar som lanserte oppdaterte versjonar av arkivplanen sin i 2023.

- **Satsing 3.1.2:** Bistå kommunane i arbeidet med bevarings- og kassasjonsarbeid.

Kva vart gjort: Kommunane har starta arbeid med bevaring og kassasjonsplanar. Aurland og Gulen er i full gang i lag med IKT-samarbeidet i Nordhordland (IKT Nordhordland) med å produsere ein total bk-plan for heile verksemda. Andre kommunar har gjort mindre arbeid innan bevaring og kassasjon. Det er stadig behov for rådgjeving på feltet.

4.2. Instruksar og rettleiing

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- **Satsing 3.2.1:** Gjennomføre rettleiing i form av webinar og rettleiingsvideoar.

Kva vart gjort: Vi fekk ikkje laga nye rettleiingsvideoar eller webinar i 2023, men har hatt mange fysiske og digitale møte med enkeltkommunar som har hatt behov for rettleiing og oppfølging. Alle kommunane fekk tilbod om digitalt møte i samband med førebuing til nytt arkivbygg før jul, og mange har gjennomført slike møte.

- **Satsing 3.2.2:** Orienterere om nye instruksar for deponering.

Kva vart gjort: I 2023 har vi sendt ut, publisert og orientert om dei nye instruksane for deponering. Kommunane har fått informasjon både på kontaktkonferansen og på kontaktmøtet, og styret og representantskapet er også orientert.

I dei nye deponeringsinstruksane har vi justert på krava slik at det skal vere mogeleg både for oss og kommunane å få deponert og teke imot større mengder analoge arkiv på kort tid. Men det er viktig å hugse på at ein må sikre både bevaring og betening av arkiva når ein skal deponere desse.

- **Satsing 3.2.3:** Bruke felles Teams-område for å dele informasjon og svare på spørsmål frå kommunane.

Kva vart gjort: Vi deler informasjon og dokumentasjon med kommunane i felles Teams-område. Tilsette ved arkivtenesta, og eventuelt andre som ha behov for dialog med oss, kan be om å få tilgang til denne kanalen.

5. Depot

Kommunearkivordninga er depotinstitusjon for 18 kommunar og fylkeskommunen. Deponering av arkiv er kommunane sitt ansvar, og det er dei som må ta kontakt med oss for å starte denne prosessen. KAV tek så ansvar for mottak, ordning, tilgjengeleggjering og sikring.

KAV handterer førespurnader i alt det deponerte materialet. Førespurnadene kjem i hovudsak frå eigarkommunane men også frå privatpersonar, og gjeld alle typar arkiv. Det som er mest etterspurt er eigedomsinformasjon, rettigheitsdokumentasjon, vegsaker og informasjon frå skulearkiv.

I 2023 handsama vi om lag 380 førespurnader. På arkiv som vi har inne til digitalisering behandlar digitaliseringstenesta fortløpande førespurnader, som kjem i tillegg til den kronologiske digitaliseringa av dei einskilde arkiva.

5.1. Nytt arkivbygg

Det kjem nytt arkivbygg på Leikanger med Vestland fylkeskommune som byggherre og kommunane i Kommunearkivordninga i Vestland KO som leigetakarar. Byggeprosjektet kostar nærare 80 millionar kroner, og det skal gjennomførast som ein totalentreprise, med Åsen og Øvrelid som totalentreprenør. Prosessen har vorte forseinka noko, men fylkeskommunen signerte kontrakt med Åsen & Øvrelid AS 30. januar 2024. Bygget skal stå klart 30. juni 2025.



Utbyggingssjef Jan Tore Rosenlund signerte på vegner av Vestland fylkeskommune og Finn Ove Øen på vegner av Åsen & Øvrelid. (Foto: Geir Afdal/Vestland fylkeskommune)

Det nye arkivbygget skal sikra nødvendig arkivkapasitet for Vestland fylkeskommune og for kommunane i KAV. Arkivkapasiteten på nybygget vert om lag 20 000 hyllemeter. Det blir eigne fotomagasiner med kjøle- og frysefunksjon. Bygget får også mottaksrom, ordningsrom, muggsaneringsrom og digitaliseringsstasjon, møterom og pauserom.

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- **Satsing 4.1.1:** Følgje byggeprosessen tett, og halde kommunane orientert om framdrift.

Kva vart gjort: Vi har hatt mykje og tett dialog med fylkeskommunen og med entreprenør. Vi har vore med på fleire møte, og har kome med innspel på alt frå magasinreolar til sykkelparkering, frå muggsaneringsrom til digitaliseringsstasjon. Våre innspel har vorte høyrte, men vi har også måtte redusere storleiken på bygget noko etter første rundane grunna pris- og rentevækst. Men i sjølve arkivmagasina har vi ikkje gått ned i kapasitet.

Kommunane har vorte orientert om prosessen, både via styret, på representantskapsmøte og på våre felles møteplassar. Kommunane som har behov for å deponere arkiv til oss har også fått tett oppfølging, der vårt første spørsmål har vore: Kan de vente til nytt arkivbygg står klart? I dei tilfella der det ikkje er mogeleg har vi teke imot arkiv.

- **Satsing 4.1.2:** Inngå nye avtalar med kommunane om deponering til nytt arkivbygg.

Kva vart gjort: Sidan kontrakt ikkje var signert og framdriftsplan ikkje har vore klar, har vi ikkje laga nye avtalar til kommunane enno. Dette arbeidet vil vi starte opp igjen i 2024

- **Satsing 4.1.3:** Følgje opp kommunane tett med tanke på å planlegge deponering av arkiv.

Kva vart gjort: Vi har tett dialog med alle kommunane om dette. Vi har digitale førebuingssmøte, vi planlegg kommunebesøk til alle kommunane, og vi har gitt mykje rettleiing både via teams og ute i kommunane

5.2. Mottak av papirarkiv

Vi har i 2023, som i 2022, praktisert ei mild form for inntaksstopp for papirarkiv til depot, men gjer vårt beste for å kome dei kommunane som har behov i møte. Vi har prioritert å ta i mot dei mest kritiske arkiva, og tok i mot om lag 50 hm med personregistermateriale.

Til ordning- og digitaliseringsprosjekt har vi teke inn om lag 70 hm, og vi har motteke litt over 4 hm med eldre administrativt arkiv.

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- **Satsing 4.2.1:** Halde fram arbeidet med å kartlegge og vurdere behov for deponering i kommunane.

Kva vart gjort: Vi har hatt tett dialog med kommunane om behov for deponering også i 2023, men det meste har handla om deponering til nytt arkivbygg i 2025. Vi har i dialog med kommunane prioritert å ta i mot dei kritiske arkiva som har vore mest kritisk å få sikra.

- **Satsing 4.2.2:** Halde tett dialog med kommunane om førebuing til deponering til nytt arkivbygg.

Kva vart gjort: Vi har tett dialog med alle kommunane om dette. Vi har digitale førebuingssmøte, vi planlegg kommunebesøk til alle kommunane, og vi har gitt mykje rettleiing både via teams og ute i kommunane

- **Satsing 4.2.3:** Følgje opp Vestland fylkeskommune og klargjering av eldre papirarkiv til depot.



Straumbrot stansa ikkje synfaringa av arkiva. Foto: Dorthea Alisøy/Kommunearkivordninga i Vestland

Kva vart gjort: Starten av 2023 gjekk med til å halde fram med å klargjere magasin 1 og 2 til tømning av magasin 3 og mottak frå Vestland fylkeskommune. Mottaket frå fylkeskommunen kom inn 1. mars og var på om lag 650 hm. Om lag 150 hm av dette blei plassert i arkivlokalet vi har leigd av Statens vegvesen.

5.3. Mottak av e-arkiv

Sakshandsaming i kommunane utførast på mange ulike plattformer, og i ulike system. Dokumentasjon frå desse elektroniske systema leverer kommunen til oss, og me tek vare på desse for ettertida. KAV kvalitetssikrar kommunens dokumentasjon før den tryggast i fjerndepot hjå KDRS.

KAV nyttar ei god innsynsløysing på alle uttrekk formatert etter NOARK-5 standarden. Løysinga gir moglegheiter for søk, noko som lettar tilgangen på materialet. Elarkivar kan òg ved høve sette opp løysinga i kommunen.

KAV handsamar innsyn i fagsystem manuelt. Det er utvikla fleire innsynsløysingar av ulike aktørar, men det er få systemmalar. Innsynsløysingane dekker ikkje breidda av fagsystem brukt i kommunane. KAV og kommunane har framleis behov for å manuelt samanstille data.

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- **Satsing 4.3.1:** Hjelp kommunane med å få kontroll på elektroniske system.

Kva vart gjort: I 2023 publiserte KAV to malar som kommunane kan nytte for å få oversikt over sine elektroniske system. Det eine dokumentet er eit skjema der kommunane kan legge inn informasjon frå dei ulike systema som blir nytta i kommunen. Dette skjemaet kan brukast som grunnlag i det andre dokumentet, som er ein mal på korleis ein deponeringsplan kan sjå ut.

- **Satsing 4.3.2:** Hjelp kommunane med å få deponert elektroniske system.

Kva vart gjort: Dette er ei kontinuerleg oppgåve som består av mykje koordinering mellom KAV, kommunen, systemleverandørar og ulike IKT-samarbeid. KAV har i I 2023 motteke uttrekk frå alle medlemane våre.

- **Satsing 4.3.3:** Bidra i utforminga av KDRS-Innsyn, og produksjon av visingmalar.

Kva vart gjort: I 2023 har KAV brukt ressursar til utprøving av ulike innsynsløysingar, primært KDRS-Innsyn og Urdr. For å gjere dette har vi sett opp ulike prosesseringsmiljø i både Linux og Windows, og vi håper at vi i 2024 har gode rutinar for alle typar innsyn.

- **Satsing 4.3.4:** Bidra inn i prosjektgruppa i samarbeidsprosjektet om innsynsløysing i regi av DigiVestland

Kva vart gjort: Første fase av prosjektet er ferdig, og DigiVestland har produsert ein rapport om etablering av nasjonal arbeidsgruppe som skal kartleggja ulike arkivfaglege utfordringar med innsyn. DigiVestland har lagt dette fram som for KS. KAV si rolle har vore å fremja perspektiva til våre kommunar, og vi har forsøkt å få fram kor viktig det er å utføre ei grundig marknadsundersøking før ein startar med kostbare utviklingsprosjekt.

- **Satsing 4.3.5:** Standardisere formateringa på mottekne deponeringar.

Kva vart gjort: Alle deponeringar som blir sende til KDRS for langtidslagring er formaterte etter anten NOARK-standard eller SIARD-spesifikasjonen. Ytterlegare innhald følgjer Riksarkivarens forskrift.

- **Satsing 4.3.6:** Overføre godkjende arkivpakkar til sikringsmagasin

Kva vart gjort: Deponeringar som blir godkjende av KAV blir lasta opp i sikringsmagasinet til KDRS. I løpet av året 2023 har alle godkjende deponeringar vorte overførte til sikringsmagasinet, men grunna høg pågang har vi ikkje hatt kapasitet til å behandla eksisterande etterslep.

Vi hadde per 31.12.2023 51 deponeringar til digitalt depot. 45 av desse vart deponert i 2023. Totalinnhaldet frå våre kommunar hjå KDRS utgjer eit samla datavolum på ca. 3 900 GB.

Status KDRS digitalt depot Pr. 31.12.2023			
Deponeringar per arkivinstitusjon totalt			
Arkivinstitusjon *)	Deponeringar	Volum (GB)	Auke siste år
Aust-Agder museum og arkiv	4	17,22	0
Arkiv i Nordland	49	2 986,84	12
Vestland FK Dokumentsenteret	42	225,73	0
Fylkesarkivet i Vestland	51	3 977,77	45
IKA Finnmark	10	26,81	0
IKA Møre og Romsdal	28	334,05	0
IKA Rogaland	189	4 501,50	16
IKA Trøndelag	133	6 128,45	40
Interkommunalt arkiv Troms	2	4,44	0
Arkivsenter sør IKS	51	3 096,89	0
Trondheim byarkiv	99	1 899,30	21
Vestfoldarkivet	5	767,32	4
Arkivforvaltning i Viken fylkeskommune	22	544,19	13
	685	24 510,51	151

5.4. Personregister

Personregister er arkiv der personopplysningar er lagra systematisk på enkeltpersonar, som til dømes elevmapper, klientmapper og barnevernsmapper. Personregistermateriale som er deponert hjå oss er hovudsakleg frå personalforvaltning i kommune og fylkeskommune, opplæring og oppvekst og helse/sosial/pleie/omsorg.

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- Gjere nye instruksar for deponering kjend.

I 2023 har vi sendt ut, publisert og orientert om dei nye instruksane for deponering. Kommunane har fått informasjon både på kontaktkonferansen og på kontaktmøtet, og styret og representantskapet er også orientert.

I dei nye deponeringsinstruksane har vi justert på krava slik at det skal vere mogeleg både for oss og kommunane å få deponert og teke imot større mengder analoge arkiv på kort tid. Men når det gjeld personregistermateriale er det svært viktig at relevant og sentral informasjon vert registrert. Dette er viktig rettighetsdokumentasjon.

- Tilby kommunane kurs og rettleiing i personregister basert på behov.

Vi har ikkje arrangert kurs, men har gitt rettleiing til kommunar ved behov.

- Ha dialog med kommunane om klargjering til deponering i nytt arkivbygg

Vi har tett dialog med alle kommunane om dette. Vi har digitale førebuingssmøte, vi planlegg kommunebesøk til alle kommunane, og vi har gitt mykje rettleiing både via teams og ute i kommunane

5.5. Arkiv skapt før 1964

Vi har teke inn det aller meste av dei eldre arkiva til medlemskommunane til depot allereie. To kommunar skal levere dei eldre arkiva sine når nytt arkivbygg står klart. I tillegg dukkar det stadig vekk opp enkeltprotokollar eller små arkiv rundt om i kommunane. Ordning av desse arkiva inngår som ein del av i basistenestene.

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- Publisere manglande arkivkatalogar på Arkivportalen.

Vi bestemte oss i 2023 for å oppgradere fagsystemet vårt, Asta. Den nye versjonen, Asta 7, skulle eigentleg kome på plass før jul, men er forseinka. Det er Asta som er verktøyet bak Arkivportalen, så vi bestemte oss også for å ikkje legge ned ein større jobb i rydding og publisering av arkivkatalogar før det nye fagsystemet var på plass.

- Noko ordning av eldre arkiv.

I 2023 vart skulearkiva etter følgjande kommunar ordna:

- Bru
- Eikefjord
- Jølster
- Innvik
- Stryn

Desse arkiva vart også publiserte på arkivportalen.

6. Digitalisering og ordning

Kommunearkivordninga tilbyr ordning og digitalisering av arkiv på oppdrag for våre medlemmar. Vi handsamar også førespurnader på arkiv under digitalisering, sokalla digitalisering på bestilling.

6.1. Digitalisering

I 2023 jobba tre medarbeidarar fast med det vi kallar fullskanning. Det betyr at vi startar på gbnr. 1/1 og skannar oss kronologisk igjennom heile arkivet. Skulle kommunen trenge eit gbnr. før vi har kome dit i fullskanningsprosessen, kjem dette som digitalisering på bestilling (DPB) og blir teke ut av rekkefølge. Slik får kommunen heile tida tilgang til det dei treng i arkivet sitt, uansett kor langt vi har kome i skannejobben. DPB er ein del av avtalen, og inkludert i det kommunane betalar for digitaliseringsarbeidet.

Vi jobba i all hovudsak med tre store digitaliseringsprosjekt i 2023: byggesaksarkiva frå tidlegare Eid, Førde og Gaular. På slutten av året starta vi digitalisering av Gloppen kommune sitt personalarkiv.

Framdrift på digitalisering i 2023 vart noko mindre enn venta. Det skuldast i hovudsak meir uorden enn venta i eitt av arkiva.

I 2023 kom vi i mål med digitaliseringa av fylkestingsforhandlingane frå tidlegare Sogn og Fjordane. Dette er eit prosjekt finansiert av midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, og det har vore innom fleire prosjektmedarbeidarar før det var ferdigstilla av ein av våre faste digitaliseringsmedarbeidarar i vinter. Dei digitaliserte protokollane fram til 1919 er publiserte på fylkesarkivet.no. Grunna utfasing av denne løysinga er vidare publisering her satt på vent. Dei resterande protokollane, samt lyd- og videoopptaka, er tilgjengeleg for innsyn/streaming for publikum på førespurnad. Alle protokollane skal i samarbeid med Vestland fylkeskommune tilgjengeleggjerast digitalt.

6.2. Ordning

Grunna mangel på plass og bemanning har vi over lengre tid hatt fleire ordningsprosjekt på vent. I 2023 vart det tilsett ny ordningsmedarbeidar, og arbeidet med å ordne arkivet etter Gloppen tok til før sommaren. Dette arkivet er vurdert som prekært etter brannen i heradshuset i 2016. Då Gloppen fekk sikra midlar til ordning på slutten av året, valde vi å prioritere utlysing av ordningsarbeidar for å kome i gong med dette.

Vi skulle gjerne tilsett fleire ordningsarbeidarar for å halde fram med avtalefesta ordningsprosjekt, men mellom anna grunna ombygging på fylkeshuset og dårlege arbeidstilhøve i åra som kjem har vi vald å vente med dette.

7. Arrangement

Arrangement er viktige møteplassar som danner grunnlag for fagleg dialog, utvikling og nettverksbygging. Vi har faste arrangement for medlemskommunane våre, og deltek ofte som arrangør av andre arrangement.



*Eit av gruppearbeida på Kontaktkonferansen 2023, Kviknes hotell i Balestrand.
Foto: Sigrun Espe/Kommunearkivordninga i Vestland*

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- Satsing 6.1: Arrangere kontaktkonferansen i Sogn i løpet av mai/juni

Kva vart gjort: Kontaktkonferansen vart arrangert i Balestrand den 31.mai - 1. juni. Programmet inneheldt både interne og eksterne innleiarar, og tilbakemeldingane frå deltakarane viser at dette var gode og nyttige dagar for medlemmane våre.

- Satsing 6.2: Arrangere kontaktmøte før årsslutt

Kva vart gjort: Kontaktmøtet for medlemskommunane vart, som føregåande år, arrangert som eit hybrid-møte. Møtet vart halde på Skei den 14. november, der 34 deltakarar frå 18 ulike kommunar deltok. 11 personar frå seks kommunar deltok fysisk, resten var med via Teams.

- Satsing 6.3: Arrangere arkivdagen i lag med resten av seksjon arkiv

Kva vart gjort: Arkivdagen i 2023 vart markert med ei veke med postar på sosiale media. Årets tema var “dyr i arkiva”, så her gjekk det mykje i foto og film av dyr (frå ikkje-offentlege arkiv), men også innslag frå kommunearkiv.

- Satsing 6.4: Arrangere kurs i lokalhistoriewiki

Kva vart gjort: Det vart ikkje arrangert kurs i lokalhistoriewiki i 2023.

- Satsing 6.5: Medarrangør på lokalhistorisk webinar

Kva vart gjort: Lokalhistorisk webinar vart arrangert 25. April, med tittelen *Kulturhistorie gir lokal identitet*. KAV hadde tilsette både i arrangementskomiteen og tilsette som heldt innlegg under webinarret.

Lokalhistorisk webinar er eit samarbeid mellom seksjonane for Kulturarv, Bibliotekutvikling og Arkiv, i avdeling for Kultur og folkehelse i Vestland fylkeskommune. Arbeidsgruppa bestod av seks personar, og er ein del av samarbeidet internt på seksjon Arkiv, men og som ein del av målsetninga om arbeid på tvers av seksjonar/avdelingar i organisasjonen



Digital plakat for arrangementet. Vestland fylkeskommune.

8. Formidling

Vi jobbar med formidling fordi folk skal kjenne til at arkiva finst. Arbeidsfeltet *formidling* dekkjer arbeidet med informasjon til brukarar av arkivmateriale. Til dette arbeidsfeltet høyrer fylkesarkivet.no og tilhøyrande publiseringskanalar, registrering av arkiv og publisering av arkivkatalogar, digitalisering av kjelder, artiklar til ulike tidsskrift, foredrag og samarbeid med brukargrupper.

Satsingsområde for 2023 og oppfølging av desse:

- Satsing 7.1: Gjere tilgjengeleg det digitaliserte arkivmateriale vårt på Digitalarkivet

Kva vart gjort: Me har i løpet av 2023 tatt i bruk Digitalarkivet som teneste for publisering og tilgjengeleggjering av digitalisert arkivmateriale. I oppstartfasen har me fokusert på å få publisert skulearkiv knytt til Skulen min prosjektet. Digitalisert materiale er publisert på Digitalarkivet, men me har eit ønskje om å gjere innhaldet meir tilgjengeleg for publikum i tida som kjem. Publisert materiale som er yngre enn 100 år vert publisert, men er ikkje fritt tilgjengeleg på Digitalarkivet. Dette materialet kan gjerast tilgjengeleg på førespurnad.

I samband med starten av skuleåret 2023/24 publiserte me dei historiske skulearkiva frå kommunane Balestrand, Stryn og Jølster. Publisering av skulearkiv vert jobba med kontinuerleg, som ein del av Skulen min prosjektet.




Foto: Prosjektmedarbeidar Sigrid Solheim skanner skulearkiv. Foto Sigrun Espe/Kommunearkivordninga i Vestland.

Skulearkiv frå følgjande kommunar er no publisert på Digitalarkivet:

- Balestrand
 - Gaular
 - Jølster
 - Stryn
 - Innvik
- Satsing 7.2: Digitalisere utvalde arkivseriar frå alle kommunane

Kva vart gjort: KAV har store mengder med papirarkiv i sine depot. Arkiva skal vera tilgjengelege og i Strategi- og økonomiplan punkt 2.2 er eit av hovudgrepa at arkiva skal mediekonverterast og digitaliserast, og presenterast på ein slik måte at alle lett kan finne fram. Nokre arkivseriar/arkivstykke har blitt digitalisert i samband med innkomne førespurnader. Dette gjeld mellom anna enkelte skulearkiv, og arkiv etter fattigstyret og sunnheitskommisjonen i nokre kommunar

Som del av det faste arbeidet vårt vart følgjande arkivstykke/arkivseriar digitalisert i 2023:

- Skulearkiva etter Jølster kommune (1837 – 1964)
- Skulearkiva etter Innvik kommune (1837 – 1964)

Kva vart gjort: Ved førespurnader om tilgang til protokollar digitaliserer vi ofte heile arkivstykket, sjølv om det kan berre vera utdrag førespurnaden gjeld. Etter digitalisering vert det ferdig digitaliserte arkivstykket langtidslagra i dokumentlageret vårt. Ut over digitalisering som følgje av førespurnader, så digitaliserer vi arkivserie for arkivserie, dersom vi har ressursane til det.

- Satsing 7.3: Bidra inn i eit pedagogisk opplegg for skulesektoren

Kva vart gjort: Fylkesarkivet har i mange år hatt ein samarbeidsavtale med Leikanger Ungdomsskule. Ungdomsskulen vitjar fylkesarkivet med ein klasse kvart år i samband med prosjektarbeidet «bygda vår», og vi på arkivet stiller med presentasjonar og omvising i magasina. Grunna ombygging av Fylkeshuset på Leikanger, reiste me i år med to tilsette på skulebesøk med eit alternativt opplegg. Me gjennomførte eit undervisningsopplegg, der me fekk presentert arbeidet vår og kjeldene me forvaltar.

I juni hadde vi besøk av elevar og lærarar frå UWC Red Cross Nordic. Dei fekk ei introduksjon til fylkeskommunen og Fylkesarkivet sitt arbeid og omvising i magasina. Elevane jobba i grupper med arkivmateriale og presenterte resultata mot slutten av dagen. Alt dette gjekk på engelsk, då elevane og lærarane kom frå 13 ulike land.



Olav Haugen med elevar på omvising. Foto: Kommunearkivordninga i Vestland.

- Satsing 7.4: Jobbe med internskulering i bruk av våre egne formidlingskanalar.

Kva vart gjort: Vi har ikkje prioritert å bruke mykje tid på dette i 2023.

- Satsing 7.5: Produserer fagleg innhald til eigne og eksterne publiseringskanalar, deriblant heimesider, Aksess og KL/Grind.

Kva vart gjort: Formidlingsarbeidet vårt på nett er i alle hovudsak via kanalar som vi har saman med fageining for ikkje-offentlege arkiv, der vi framleis brukar Fylkesarkivet som nemning.

Som ein del av Skulen min prosjektet har me i 2023 jobba med å produsere fagleg innhald på nettstaden Lokalhistoriewiki. Innhaldet som har blitt produsert her er direkte knytt til det arkivfaglege arbeidet som har blitt gjennomført i tilknytning til ordning av skulearkiva.

I tidsskriftet Aksess har Seksjon Arkiv levert artiklar der tilsette ved KAV har vore bidragsytarar. [Artikkelen "På sporet av ein fylkesdirektør" stod på trykk i utgåve 3/23](#), der me fekk vist fram arbeidet med arkivkjeldene våre. I samband med rund dag tok tilsette ved seksjonen tok eit djupdykk i slektshistoria til Rune Haugsdal, fylkesdirektør i Vestland fylkeskommune.

DELING



Privatarkivar Per Olav Bøyum, fylkesdirektør Rune Haugsdal og museumspedagog Mari Sofie Sandvik frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum ser på kjeldematerialet. Foto Vestland fylkeskommune.

På sporet av ein fylkesdirektør

I samband med markering av rund dag tok vi som jobbar med historiske arkiv i Vestland fylkeskommune, initiativ til å gje fylkesdirektør Rune Haugsdal ei spesiell gåve: eit djupdykk i si eiga slektshistorie. Vi var spente på kva spor vi kunne finne etter han i kjeldene.

 Per Olav Bøyum, VESTLAND FYLKESKOMMUNE	 Espen Sæterbø VESTLAND FYLKESKOMMUNE	 Sigrun Espe VESTLAND FYLKESKOMMUNE
--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

PUBLISERT Onsdag 06. desember 2023 - 18:09 SIST OPPDATERT Torsdag 07. desember 2023 - 17:08

Skjermbilete frå www.aksess-tidsskrift.no, henta 15.02.2024

KAV deltok også i 2023 aktivt i samarbeidet mellom seksjon arkiv i Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen om ei felles digital formidlingsløysing for natur- og kulturhistorie. Den nye tenesta skal erstatte dei eksisterande løysingane, Kulturhistorisk leksikon og Grind. Dagleg leiar er i styringsgruppa og fagleiar er i prosjektgruppa. Prosjektet er framleis ikkje slutført og held fram i 2024.

MENINGER

Fare for tapte arkiver
Rettsikkerhet og innsyn i fare
Ny arkivlov må prioriterast!

REDAKSJONELT

Tilsyn virker
En hyllest fra en arkivbruker
Gullgraveren Trude Lorentzen

ANNET

Arkivaren
Erfaringsdeling
Fordypning

AKSESS 1

TIDSSKRIFT FOR ARKIV + DOKUMENTASJONSFORVALTNING



PRIS KR 149

Framsida på den første utgåva av Aksess i 2023

- Satsing 7.6: Vidareføre forprosjekt på møtebokregister i samarbeid med resten av seksjon arkiv.

Kva vart gjort: I 2023 slo vi saman to forprosjekta vi har fått midar til gjennom Arkivverket sine utviklingsmidlar: Møtebokregisteret - ein kjeldeopnar til lokalhistorie og Forprosjekt for ei digital infrastruktur for handsaming og publisering av notar og tekstar. Dette fordi prosjekta har i stor grad samanfallande prosjektmål, aktivitetar og milepålar. Ved å gjennomføre dei aktivitetane prosjekta har til felles med ei prosjektleiing frigjer vi ressursar tilbake til prosjekta, samstundes som dei temaa som er spesifikke til einskildprosjekta framleis blir vareteke kvar for seg.

I 2023 har vi gjennomført intervju med interessentar og behovskartlegging. Prosjektgruppa består av ein prosjektleiar for kvart av dei to einskildprosjekta i tillegg til ein representant frå seksjon for digitalisering i avdeling for IKT og digitalisering Vestland fylkeskommune.

9. Satsingar og kompetanseheving

9.1. Intern kompetanseheving

Vi har i 2023 jobba med å bygge meir kompetanse på **skada arkiv**, og i mai inviterte vi rådgjevar frå IKA Kongsberg, Henriette Sagengen Øygarden, til å halde eit seminar for tilsette på seksjonen vår.



Illustrasjon frå IKA Kongsberg sin presentasjon for KAV.

Vi er også med i Felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Vestland og deltok i samband med dette på fagdag i Bergen med temaet korleis vi best kan handtere ei krise når den rammar eit museum eller arkiv som forvaltar store kunst- og kulturhistoriske verdjar.

To av våre rådgjevarar deltok på **prosjektleiarkurs** i regi av Vestland fylkeskommune hausten 2023.

Vi gjekk i 2023 til innkjøp av nye kalibreringsverktøy for å sikre at kvaliteten og arbeidsflyten på digitaliseringsarbeidet vårt skal bli betre.

På slutten av året 2023 fekk vi på plass ein testversjon av Asta 7. Vi har som mål å konvertere over frå Asta 5 til Asta 7 innan påske 2024.

9.2. Regionale og nasjonale arkivnettverk

Kommunearkivordninga er medlem i og ein av eigarane av Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter SA (**KDRS**). Eigarane er kommunale og interkommunale arkivinstitusjonar frå heile landet. KDRS arrangerer årlege seminar for IKT-arkivarar og samlingar for leiarar i eigarinstitusjonane. Vi deltok på begge desse i 2023.

Vi fekk i 2023 installert innsynsløysinga til KDRS lokalt hjå oss, og har starta arbeidet med å teste korleis denne fungerer på deponeringar frå våre eigarkommunar. Vi held fram med dette arbeidet i 2024.


Både dagleg leiar og fagleiar deltok på **KAI-leiarmøte** på Gardermoen i februar. Dette er ein møteplass for Arkivverket og leiarane for kommunearkivinstitusjonar i landet.

I samband med ei utvida leiarsamling for avdeling for kultur og folkehelse, deltok dagleg leiar og fagleiar på ein studietur til København. Her vitja vi mellom anna **byarkivet i København** som ga oss omvising i sine lokale på rådhuset, og ein presentasjon av arbeidet dei gjer, med spesielt fokus på formidling og samarbeid med frivillige.

Seks tilsette deltok på den årlege **KAI-konferansen** for alle kommunearkivinstitusjonar i landet. Det var IKA Kongsberg som arrangerte, saman med Arkivforbundet. Nettverksbygging og fagleg utveksling og utvikling er ein viktig del av denne konferansen.

Vi hadde møte med **Arkivverket** i haust, saman med fagleiar og seksjonssjef i fylkeskommunen, for å diskutere arkiv i Vestland og mogelege satsingar i tida som kjem.

Vi deltek i **KAI-fagforum**, eit arkivfagleg forum for tilsette som jobbar med arkivdanning i KAI-institusjonar i heile landet.



Københavns Stadsarkiv. Foto: Sigrun Espe/Kommunearkivordninga i Vestland

ⁱ Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er arkivinstusjonen som dekker kommunane i tidlegare Hordaland.

ⁱⁱ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) kapittel 19, §19-1-§19-4. Digital utgåve på lovdata.no.

ⁱⁱⁱ Menon-rapporten *Utredning av en fremtidsrettet Arkivorganisering i vestland* (september 2022) er publisert på [vestlandfylke.no](https://www.vestlandfylke.no):

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/arkiv/menon-rapport-107-2022---utredning-av-en-fremtidsrettet-arkivorganisering-i-vestland.pdf>

^{iv} KAV sitt høyringssvar kan ein lese på heimesida vår:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/arkiv-og-dokumentasjon/kommunearkivordninga-i-vestland/ressursar/hoyringssvar-utgreiing-av-ei-framtidsretta-arkivorganisering-i-vestland/>

^v Fylkestinget handsama saka [PS 54/23 Framtidig arkivorganisering i Vestland i juni 2023](#), og vedtok desse tre punkta:

1. Vestland fylkeskommune vedtek kombinasjonskonseptet. Det inneber at fylkeskommunen skal utvikla den regionale samfunnsutviklarrolla innan arkiv, og set som langsiktig mål å etablere «Vestlandsarkivet» – ein ny arkivinstusjon som samlar mest mogleg av arkivarbeidet i Vestland fylke.
2. Fylkestinget ber fylkesdirektøren gå i dialog med Kommunearkivordninga i Vestland KO (KAV) med formål å revidere avtalen om disponering av tilsette og andre praktiske bidrag mellom KAV og Vestland fylkeskommune.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren ta initiativ til å etablere eit felles regionalt arkivråd for statlege og kommunale arkivinstusjonar og privatarkivinstusjonar i Vestland fylke.

^{vi} Ein plass vart reservert til Vestland fylkeskommune på representantskapsmøtet då val av styrekandidat frå fylkeskommunen måtte til fylkestinget. Gunn Åmdal Mongstad frå Solund vart vald som representant.

^{vii} Første vara møter fast på styremøta, etter styret sitt ønske.

^{viii} Dagleg leiar si løn er ikkje medrekna i denne oversikta.